



Strikkekafe er eitt av dei populære innslaga i Gamleskolen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er kome ei gladmelding til Uskedalen Utvikling som eig Gamleskolen:
Av ein total kostnadsramme på 140.000 kroner til rehabilitering av
kjøkenet på Gamleskolen er det løyvd 100.000 frå EkstraStiftelsen.
Prosjektmidlane skal brukast i 2011.**

Søknaden er fremma gjennom Nasjonalforeningen for folkehelsen gjennom helselaget i Uskedalen.

Ein føresetnad for å få dette godkjend er at det føreligg ein samarbeidsavtale mellom helselaget og UU. Ein slik avtale vart underskriven i mai i år.

- Dette er ei gladmelding til Uskedalen og til det store frivillige arbeidet som vert gjort med aktivitetar i møteplassen Gamleskolen, seier leiinga i Uskedalen Utvikling.

Nasjonalforeningen fekk 15,3 millioner til 38 prosjekter og 15 av dei er nye i år. Organisasjonen var den som fekk nest mest pengar, etter rådet for psykisk helse.

EkstraStiftelsen eig og fordelar overskotet frå TV-spelet Ekstra. Overskotet var 230 millionar i 2009. Det er trekning i NRK kvar tysdag.

Av Ola Matti Mathisen